

**Det er med høgtideleg stemning og ei skjelven røyst me i Festidalen no offentleggjer at, etter vår meining Noregs ukrona rockekonge, Åge Aleksandersen kjem til Festidalen til sommeren, skriv festivalleiinga i ei pressemelding.**

**Meldinga held fram:**

**Åge, som nærast på eigen hand har tråkka vegen og opna dørene for alle håpefulle med nyinnkjøpt forsterkar, har saman med Sambandet lagt ut på turne denne sommaren og har til vår store entusiasme og elleville glede lagt Festidalen fredag den 31.juli inn på turnelista si.**

Han er i dag ein av dei mest populære rockemusikarane i landet, og har ei lengre karriere og eitt breiare publikum enn dei fleste andre i norsk rock. Trønderrockaren og 60-årsjubilanten Åge Aleksandersen har gjeve ut 20 album og seld nærmare 1,5 millionar plater, og starta karreren sin allereie i 1968.

Åge og Sambandet lovar fansen at sommarens turne skal bli den råaste turneen dei har levert nokon gong, og at dei fleste som kjem for å høyra på får dei låtane dei ynskjer seg og meir enn dei ventar seg.

Det er utan tvil me i Festidalen oppfordrar publikum om å tørke støv av rockefoten og til å starta innøvinga av tekstane til 'Dains me dæ', 'Levva livet' og 'Lys og varme' for å bli med og hylla jubilanten Åge under Festidalen fredag 3. juli.

Me minnar om billettsalet som er i full gong på [www.billett-service.no](http://www.billett-service.no), sluttar pressemeldinga.

Det andre store trekkplaasteret under Festidalen i år blir Kaizers Orchestra, som spelar laurdag. Då spelar trommis Rune Solheim på heimebane!

Festivalleiinga er svært godt fornøgd med å ha fått ein hovudartist på laurdag som er folkeleg, men likevel rocka og ei rocka gruppe som likevel er folkeleg laurdag.

- Vi er i ferd med å finna mangfaldet, seier bookingansvarleg Daidalos Dahle til Kvinnheringen og kallar Åge ein kultartist for alle aldrar.

Truleg er det i år nøyaktig 40 år sidan Åge spela med Prudence i Helgheim.

Av Ola Matti Mathisen